

Julekafè på Kvinnherad Vekstbedrift på laurdag.

01.12.2016



Det vert nok mykje fint å få kjøpt på KV denne gongen og.

Ein laurdag før jul har det vore ein populær tradisjon at Kvinnherad Vekstbedrift AS, og tidlegare AFA AS, har opna dørene og selt både fine produkt dei har laga, julegraut og gode kaker. Slik vert det også i år. Komande laurdag, 3. desember, inviterer bedriften sentralt i Uskedalen til julekafè.

Denne laurdagen vert det ope mellom kl.10 og 15. Då vert det salg av mange fine tre- og tekstilprodukt som dei har laga ved bedriften. Mange pleier å nytta dette høvet til å kjøpa julepresangar. Som vanleg skal dette vera ei koseleg førjulsstund der ein kan setja seg ned og slå av ein prat samtundes som ein kosar seg med graut, kaker eller anna godt som vert selt.

Torsdag 8.desember vert dette følgt opp med langope på Retro bruktbutikk og kafè ved Hellandskrysset på Husnes. Då held dei ope der til kl.19.00. I tillegg til det dei til vanleg byr på i kafèen, vert det sal av graut. Det vert teiknekonkurranse, og dei som handlar for meir enn 500 kr. er med i trekninga av fine premiar.



Retro Brukhandel er verd eit besøk no i førjulstida.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.